



Falder til Bjørn Henry Marthinussen og Aisa til Tore Storhaug var dei beste svarthundane (Foto: Ola Matti Mathisen)

Høg kvalitet på svarthundane, men relativt låg kvalitet på gråhundane.

Det er konklusjonen dommar Arne Gilde frå Notodden gir uskedalen.no etter utstillingen til Hordaland Elghundklubb som vart avvikla i dag på grusbana.

29 svarthundar og 6 gråhundar var stilte og i tillegg vart det presentert 4 valpar. Deltakinga var med andre ord omtrent som i fjor og ein kan konkludera med at elghundutstillingen her i bygda tar til å bli ein god tradisjon.



Mange sjarmtroll vart presentert og her presenterer utstillingsleiar Anita Lie den yngste av valpane: Hero av Bjønnsteg, som Arne Hanssen på Valen eig. Valpen er snart 3 månader1 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utstillingsleiar Anita Lie har all grunn til å vera fornøgd med arrangementet, som gjekk smertefritt og greittføre seg.

'Best-in-show-kåring' vart det ikkje på grunn av kvalitetsskilnaden på svarhundane og gråhundane,men den beste svarhunden var hannhunden Svart Hundens Falder til Bjørn Henry Marthinussen frå Svelgen som stilte i

brukshundklasen..Med andre ord var det ein hund frå nabofylket i nord som gjekk til topps, men det må leggjast til at mora er Svart Hundens Aisa til Tore Storhaug på Sandvoll, som stilte i championklassen og var beste tise.

Det vart også stilt avlsklasse etter denne hunden, Dommaren slo fast at hunden har sett eit sterkt preg på rasen og delte ut heiderspremie.

I resultatlista vil ein forgjeves leita etter hundar frå Uskedalen, men det vart stilt ein hannhund der den eine eigaren er her frå bygda. Hunden har vunne praktisk talt det som vinnast kan. Det var Frolingens Cesó til Elin Rød og Taisto Erkinharju, som bur i Herøysund.

Kvinnherad var i det heile godt representert på deltakarlista.

Vi kjem att med resultatlista seinare.

Av Ola Matti Mathisen.